

LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 06.02.2018
Vår ref.: 2015/1743-20
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Fråsegn - Offentleg ettersyn av detaljregulering for Sjurneset - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 7.11.2017 om høyring av forslag til detaljregulering for Sjurneset. Hovudføremålet i planen er bustad, naust og orbu. Planen er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustad og naust. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no/plan.

Vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Undersøkingssplikt § 9 kulturminnelova

I vårt brev av 09.11.2017 vart det sendt kostnadsoverslag for gjennomføring av arkeologisk registrering der vi ba om utsatt frist til 07.02.2017. Dette var basert på vurderingar gjort i 2015, når planen var på oppstart og planområdet var ein god del større i utstrekning. Tiltakshavar ba oss den 19.11.2017 om å ta ei synfaring av planområdet for å vurdere kostnadsoverslag på nytt.

Synfaring vart gjennomført 12.12.2017. Planområdet var vesentleg redusert og området med størst potensial for funn av automatisk freda kulturminne vart tatt ut av plan. Planområdet er delvis kupert, skogkledd med mange små bergrygg. Det einaste område med potensial for funn var på flatene mellom hus nr. 33 og 35. Her er det ein del eldre frukttrær. Området verker forstyrta av grøfting mm. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne, og potensial for nye intakte funn vart vurdert å vera lågt.

Konklusjonen frå synfaring er at undersøkingssplikt etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt utan krav om vidare undersøking.

Vi gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Vurdering av kulturminne

Kulturminne og kulturmiljø representerer samfunnet sine felles verdiar. Dei er unike og uerstattelege kjelder

til kunnskap, opplevingar miljø- og samfunnsressursar som kan gje grunnlag for lokal utvikling og kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping.

Kulturminneinteressene i området er ikkje opplyst i saka som vart oversendt Hordaland fylkeskommune. Ut frå synfaring på staden har bygningsmiljø med tun, sjøhus, kai og vegfar frå rundt 1920-talet har lokal kulturminneverdi. Dette er såleis ein sak som kommunen må ta stilling til. Kommunen har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål: at tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast.

Konklusjon

Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne av regional eller nasjonal verdi innanfor planområdet. Potensialet for nye funn av automatisk freda kulturminne er vurdert å vera lågt og undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Vi ber kommune tek stilling til kulturminne av lokal verdi innafor planområdet.

Landskap (regionale landskapsområde, <http://kart.ivest.no>)

Strandsone

Deler av planområdet er i kommuneplanens arealdel sett av til naustområde. Innanfor dette arealet er det i reguleringsplanen også opna fem rorbuer. Hordaland fylkeskommune viser til at rorbuer er å rekna som fritidsbustader og dermed verkar meir privatiserande enn naust. Fritidsbustader er i bruk fleire timar i døgnet, og bruken er meir samanhengande. Bruksforma naust har heller ikkje ei privat sone kring bygget slik fritidsbustader har. Hordaland fylkeskommune vil rå i frå at reguleringsplanen opnar for rorbuer i naustområdet.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld privatisering av strandsona.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELING

Elizabeth Warren, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Gunnbjørg Austrheim, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA